

# KM 14/00 Kirkens familievern - VEDTAK

**Verksemda til Kirkens Familievern (KF) har i seinare tid blitt utfordra gjennom signal frå Barne- og Familiedepartementet (BFD) som på sikt vil avvikle statstilskotet til KF. Signala aktualiserer spørsmålet om Kyrkja bør ta eit større ansvar for KF som organisasjon. Dei nye signala og eventuelle konsekvensar av desse er drøfta i Familievernet og i kontakt med bispedømmerådsleiarane og bispedømmekontora.**

Merknader frå kyrkjemøtekomiteen:

Komiteen meiner det er grunn til å vere stolte og takksame for den viktige funksjonen KF og dei lokale kyrkjelege familievernkontora har hatt i forhold til familien gjennom sitt førebyggjande og terapeutiske arbeid. Kyrkja har stadig understreka familien si sentrale rolle som den grunnleggjande eininga i samfunnet. Komiteen er glad for at dette blir fylgd opp gjennom konkrete diakonale tiltak til vern om familien.

Ein samla komité vil understreke at det er viktig å ha eit godt utbygd familievern.

Kyrkja har gjennom KF og gjennom dei lokale kontora, gjort ein pionerinnsetning i arbeidet for par og familiar som treng rådgjeving og rettleiing. Det offentlege har fylgd opp og teke sin del av ansvaret på dette feltet.

Kyrkjemøtet understreka i 1995 verdien av eit eige diakonalt kyrkjeleg arbeid innan familievernet. Dette er utgangspunktet for komiteen si handsaming av saka. Komiteen har valt å konsentrere seg om spørsmålet om kor vidt det er behov for KF og om ei eventuell framtidig finansiering av organisasjonen.

Komiteen er oppteken av korleis dei lokale kontora best kan utføre sitt arbeid og den rolla KF har i forhold til kontora sine behov. Det synest å vere klårt at KF har ein viktig funksjon i å styrkje og verne om dei lokale kontora sin kyrkjelege identitet. Organisasjonen fungerer som ein nasjonal identitetsskapande arena for drøfting av ideologi og verdispørsmål og for etisk refleksjon i familierelaterte spørsmål. KF har i møte med komiteen gjeve uttrykk for at dei ynskjer å styrkje denne sida ved verksemda. Komiteen er redd for at mange av dei lokale kontora kan miste si kyrkjelege forankring dersom KF skulle falle bort.

Det er mykje som tyder på at dei lokale kontora kan ha behov for eit sentralt organ som tek vare på deira interesser overfor fylkeskommunen når det gjeld eksisterande og framtidige avtalar. Også i høve til dei sentrale styresmakter

kan dei kyrkjelege familievernkontora trengje eit organ som følgjer opp aktuelle saker. KF kan fungere som eit talerør og ein pådrivar i høve til BFD sitt vidare arbeid med familievernet.

Komiteen har registret at fylkeskommunen si framtid er omdiskutert. På sikt kan det innebære at den forankringa som no er etablert for familievernkontora kan vere usikker. Dette gjer ikkje behovet mindre for eit interesseorgan for familievernet. Det kan også vere grunn til å spørje korleis utviklinga av velferdsstaten sine tilbod og tenester vil bli i framtida, og korleis denne utviklinga kan kome til å verke inn på dei private organisasjonane si rolle. Gjennom si verksemd har KF opparbeidd seg ein viktig kompetanse innan klinisk familierådgeving. Denne kompetansen er komiteen oppteken av å verne om og utvikle vidare.

KF er ein mobil organisasjon som skulle ha gode føresetnader for å omstille seg og tilpasse seg nye behov innan familievernet.

#### KYRKJEMØTET SITT VEDTAK:

1. For å halde oppe kyrkja sitt diakonale engasjement i familievernet, ser Kyrkjemøtet det som viktig at Kirkens Familievern blir ført vidare som interesseorganisasjon for kyrkja sine familievernkontor.
2. Kyrkjemøtet vil be offentlege styresmakter om å halda oppe den økonomiske støtta til Kirkens Familievern.
3. Kyrkjemøtet bed om at Kyrkjerådet greier ut dei økonomiske konsekvensane for kyrkja både lokalt, regionalt og sentralt for å halde oppe Kirkens Familievern som organisasjon.
4. Med tanke på framtida bed Kyrkjemøtet om at Kyrkjerådet vurderer korleis kyrkja sitt engasjement i familievernet kan utviklast vidare.

78 røysteføre. Vedtaket var samrøystes.